

FLÅTEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Jo Visdal f. 1809 starta på Flåten, han fekk i 1844 feste på 3,5 mål jord i statsalmenninga i Nordherad og dette kan dermed vera på Flåten. Syskjenbarnet Ola hadde teke til med jordbruk i Rustom. Men Ola og Jo bytte bruk slik at Jo fekk Rustom og Ola fekk Flåten. Flåten gnr. 96 bnr. I vart skyldsett i 1861.

Ola Amundsen Lillesæter 1805-1875 vart i 1856 gift med Ingrid Hansdotter Helleløkken f. 1825. I 1865 er Ola nemnd som forpaktar, medan det er enkja Ingrid som bestyrer bruket i 1875. I 1878 var det framleis Ole Amundsens enke som brukte Flåten, etter erklæring frå 1863 skal bruket fråvikast etter halvt års oppseiing. Ola og Ingrid fekk barna

Mari f. 1851, til Ringsaker i 1874

Imbiør 1854-1855

Amund 1855-1934, neste brukar

Ingeborg f. 1857, til Åsen, Brøttum

Hans f. 1860, til USA i 1880

Ola f. 1863, til Amerika

Ragnhild f. 1868, ugift, til Brøttum

Ved folketellinga i 1900 var Flåten gnr. 96 bnr. I matrikulert og gardbrukar og sjølveigar var Amund Olsen. I 1907 gav fogden festeseddel til Amund Olsen og hustru på levetid mot kr 1,- i årleg avgift, dette viser at jorda ikkje var sjølveige. Amund Olsen vart gift med Rønnaug Olsdotter Grovdalen 1854-1953. Dei hadde barna

Ola (størst-Ola) 1880-1934, kom til Karusbakken

Kari f. 1883, til Gausdal

Hans 1885-1899, drukna 26.11.1899 da han rende på skeiser utanfor Sande og gjekk gjennom isen den vinteren han gjekk til presten,

Ingrid f. 1887, gift 1911 med Hallvard Sagbakken, til Vestre Gausdal

Ola 1890-1986, gift med Marit Olsdotter Grev, sjå Storsteinrusten.

Amund 1894-1896

Amund 1897-1984, gift med Ragnhild Sagsletten 1894-1930, i Huden

Ole Amundsen Flåten som i 1917 kjøpte Barhaugen/Kongelhaugen, overtok i 1938 Flåten med skjøte frå mora på husa på bygsla grunn mot yting av føderåd av 5-årleg verdi kr 675,-, med i skjøtet var også Langrusten. Flåten vart brukt av Ola i Kongelhaugen frå faren døydde i 1934 og fram til 1954, men han budde ikkje der. Mora Rønnog budde att einsleg på Flåten frå 1934 til 1937, men 82 år gammal såg ho ikkje råd å vera der lenger vinterstid, og flytte da til dottera Ingrid i Gausdal.

I dag er Flåten gjeve til Vågå Historielag.

I 1875 var det på Flåten 1 kalv, 7 sauer og 6 geit, medan det vart sådd ¼ tønne bygg og 1 tønne poteter.

Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000:

Slekter frå Vågå og Lom, s. 41

J.Kolden 2002:

Bygdabok for Lom 2, s. 30

M.Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1965:

Ulykker i Vågå .., s. 76

E.Grev, Årbok for Gudberandsdalen 1983:

Soga um Flåten, s. 127

Folketelling 1865, 1875, 1900

Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882

Panteregeister/grunnbok

Anna Randen: munnleg fortalt